

# **Strategiplan for miljøtilskot i landbruket 2025-2029**



**Bremanger Kommune**



# Innhald

Innhald.....	2
1. Samandrag.....	4
2. Innleiing og bakgrunn .....	5
3. Saksgang - høyring og godkjenning.....	6
4. Utfordringar .....	6
4.1 Jordbruk.....	6
4.2 Skogbruk.....	7
5. Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL).....	8
5.1 Målsetningar for tilskotet.....	8
5.2 Kven kan søkje om SMIL? .....	8
5.3 Forventa tilskotstrong og satsar i perioden. ....	9
5.4 Områdetiltak.....	10
5.5 Gjerdehald og rydding av beite .....	10
5.6 Istandsetting av kystlynghei.....	10
5.7 Ureining .....	11
5.8 Erosjon, elveforebygging.....	11
5.9 Gamle ferdselsårar .....	11
5.10 Kulturminne .....	11
5.11 Kulturmiljø .....	12
6. Drenering .....	12
6.1 Målsetningar .....	13
6.2 Kven kan søkje om tilskot til drenering? .....	13
6.3 Forventa tilskotstrong og satsar i perioden.....	13
7. Tilskot til tiltak i beiteområde .....	13
7.1 Målsetningar for tilskotet.....	13
7.2 Kven kan søkje tilskot til tiltak i beiteområde?.....	14
7.3 Forventa tilskotstrong.....	15
8. Søknads- og arbeidsfristar for SMIL, drenering og tilskot til tiltak i beiteområde. .	15
8.1 Innhald i søknad og timesatsar .....	16

8.2 Vilkår ved tildeling av midlar alle ordningar .....	16
9. Prioriteringsliste for søknadar i SMIL, drenering og tilskot til tiltak i beiteområde.	17
9.1 Prioriteringar for 2025 og åra framover .....	17
10. Strategiar for nærings- og miljøtiltak i skogbruket.....	18
10.1. Målsetjingar.....	18
10.2 Kven kan søkje om NMSK og Klimatiltak i skog .....	18
10.3 Tilskot til nyplanting .....	18
10.3.1 Tilskotsatsar .....	19
10.3.2 Suppleringsplanting .....	19
10.3.3 Tilskot til tettare planting .....	19
10.3.4 Ungskogpleie.....	20
10.3.4.1 Kommunar i landskapsregion 20 – Kystbygdene på Vestlandet.....	20
10.4 Tilskot til bygging og ombygging av skogsveggar .....	22
10.4.1 Vegstandard .....	22
10.4.2 Prioritering skogsveg .....	23
10.4.3 Skogfond og veg.....	23
10.4.4 Vilkår for tilskot .....	24
10.4.5 Resultatkontroll .....	25
10.5 Skogfond, tilskot til drift med taubane, hest o.a. ....	25
10.5.1 Skogfond.....	25
10.5.2 Andre avgrensingar skogfond.....	26
10.5.3 Tilskot til taubane (NMSK) .....	27
11. Prioritering av næring og miljøtiltak i skog.....	27
11.1 Resultatkontroll.....	28
11.2 Tilskottrong for nærings- og miljøtiltak i skogbruket og klimatiltak i skog .....	28

# 1. Samandrag

Målsetnadane for miljøtiltaka:

- Ta vare på og fremje natur- og kulturminne verdiane i landskapet med fokus på å formidle kunnskap om desse. Føre kulturarven vidare og på den måten skape identitet, tilknytning og bulyst.
- Ta vare på og utvikle verdiane i det opne kyst- og fjordlandskapet. Legge til rette for friluftsliv, trivelege butilhøve og berekraftige arbeidsplassar på dei mange små gardsbruka i Bremanger kommune.

Kommunane har dei siste åra hatt forvaltningsansvar og vedtaksmynde for tilskotsordningar knytt til tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL-midlar), drenering og midlar til næring- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-midlar).

Frå og med 2020 har kommunane i tillegg fått tilsvarande ansvar for investeringsmidlar til tiltak i beiteområde, skogsvegar og tilskot til drift med taubane, hest o.a. Dette for å styrke det lokale sjølvstyret og gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitik i samanheng med andre lokale samfunnsoppgåver. Bremanger kommune si prioritering av midlar går fram av ein planstrategi som gjeld for fire år om gongen. Det første plandokumentet vart utarbeidd i 2004 med revidering i 2008, 2012, 2017 og 2020.

No står revidering av strategiplanen atter ein gong for tur, og revidert utgåve vart vedteken i kommunestyret 08.052025. KST-019/25. Som før vert tiltaksstrategien lagt til grunn når Statsforvaltaren i Vestland skal fordele dei totale midlane mellom kommunane og ved utforming av det regionale miljøprogrammet.

Ut i frå dei lokale utfordringane og dei rammene som er lagt i føreskriftene har Bremanger kommune, og dei landbrukspolitiske organisasjonane i kommunen, utarbeidd den strategiplanen som er presentert i dette dokumentet.

## 2. Innleiing og bakgrunn

Stortingsmelding nr. 9 (2011-2012) "Landbruks -og matpolitikken" slår fast at sikker mat/matforsyning, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk er overordna målsetjingar for landbruks -og matpolitikken. Samstundes fører strukturutviklinga i jordbruket og auka tilgang på betre betalte arbeidsplassar til at den tradisjonelle småbruksproduksjonen vert redusert. Dette er ei utvikling vi ser særleg sterkt i Bremanger.

Nasjonalt er det difor etablert nye strategiar i landbrukspolitikken for å utvikle alternative næringar med utgangspunkt i garden sine ressursar. Dette omfattar både økonomiske verkemiddel (Innovasjon Norge, miljømidlar) og ein målretta eigedoms - og ressursforvaltningspolitikk. Kommunen har i dag avgjerdsmynde i dei aller fleste sakene etter jordlova, konsesjonslova og skogbrukslova.

Kommunen har også forvaltingsansvar og vedtaksmynde for følgjande tilskotsordningar:

1. Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL). Fastsett i 2004 (FOR-2004-02-04-448) og sist endra i 2021.

[Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket \(SMIL\) - Landbruksdirektoratet](#)

2. Tilskot til drenering. Fastsett i 2013 (FOR-2013-06-25-769) og sist endra i 2023.

[Tilskudd til drenering av jordbruksjord - Landbruksdirektoratet](#)

3. Tilskot til tiltak i beiteområde. Fastsett i 2004 (FOR-2013-02-04-206) og sist endra i 2021.

[Tilskot til tiltak i beiteområde - Landbruksdirektoratet](#)

4. Tilskot til nærings -og miljøtiltak i skogbruket (NMSK). Fastsett i 2003 (FOR-2004-02-04-447) og sist endra i 2021.

[Tilskudd til miljøtiltak i skog - Landbruksdirektoratet](#)

Kommunal tildeling av tilskot til omtala tiltak skal skje i samsvar med kommunen sin strategiplan. Strategiplanen skal utarbeidast i samsvar med forskrift og i samarbeid

med organisasjonane i landbruket. Tilskot til skogbruksplanlegging vert forvalta av Statsforvaltaren i Vestland etter ein fastsett plan. Kommunane sine prioriteringar av midlane skal gå fram av fleirårige tiltaksstrategiar som kommunane utarbeider.

Bremanger har tidlegare utarbeidd tiltaksstrategiar for perioden 2005 – 2008, 2009 – 2012, 2013-2016, 2017-2020 og 2020-2024. Desse har vore grunnlag for Statsforvaltaren i Vestland si fordeling av midlane mellom kommunane, og for kommunen sine prioritering av midlane til ulike tiltak. Tiltaksstrategiane har òg vore eit viktig grunnlag for dei prioriteringane som er gjort i arbeidet med Regionale miljøprogram (RMP) i regi av Statsforvaltaren i Vestland.

### 3. Saksgang - høyring og godkjenning

Arbeidet med revisjon og fornying av strategiplan er utført i samarbeid mellom sakshandsamarar i plan- og forvaltningsavdelinga. Faglaga har bidrege med innspel til revisjonen og planen har vore ute til offentleg høyring. Kommunens politiske organ har godkjent planen.

## 4. Utfordringar

### 4.1 Jordbruk

Jordbrukslandskapet i Bremanger er prega av mange små eigedomar der livsgrunnlaget frå gammalt av var ein kombinasjon av landbruk og fiskeri. Gardsbruka strekkjer seg ofte frå sjøen opp mot ein felles utmarksgard med eigen gardfjøs og rett til beite i felles utmark. Heile landskapet er delt opp i ein mosaikk av små eigedomar. Dette gir eit kulturlandskap som er rikt på kulturminne og har spor etter eit aktivt husdyrhald gjennom fleire tusen år. I deler av dette landskapet ser vi no tydelege teikn på at landskapet er i ferd med å gro att med einer, kratt og skog. Stadig fleire bruk går ut av drift og utmarksgjerder vert forsømt med tilbakevendande konfliktnivå mellom næringa og andre fastbuande. Brenning av lyng, tradisjonell slått og beite med husdyr, er heilt avgjerande for å halde i hevd det opne særmerkte kyst -og fjordlandskapet.

I 2024 var det registrert 2567 vaksne sau, ein oppgang på 17 dyr frå 2019. Av storfe var det 1.10.2024 registrert 138 mjølkekyr, ein vekst frå 110 mjølkekyr i 2019. Det var 37 ammekyr og 255 andre storfe pr 01.10.2024, noko som er færre enn dei 68 ammekyr og 285 andre storfe i 2019.

Produksjonstilskot vart søkt av 84 føretak i 2024, ein vekst på 4 føretak sidan 2020. Totalt 361 landbrukseigedommar vart drifta av desse føretaka i 2024. I 2024 var 10104 dekar i drift, noko som er ein klar vekst mot 9734 da i 2019. Dette fordeler seg på dei tre arealtypepane fulldyrka, overflate dyrka og innmarksbeite.

	Fulldyrka	Overflatedyrka	Innmarksbeite
Tilgjengeleg (tal frå SSB)	5793	2478	7908
I bruk 2024 (Omsøkt dekar frå søknadar om tilskot for produksjon og avløysartilskot)	4496	1270	4338
Antatt ute av drift	1297	1208	3570

Tabell 1. Tabellen viser oversikt over dekar av markslagtypene fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite som er tilgjengelege, i drift eller ute av drift. Tala er basert på tilgjengelege dekar med jordbruksareal frå SSB og tal på omsøkte dekar frå søknadar om produksjon og avløysartilskot.

## 4.2 Skogbruk

Kommunen har eit skogareal på 181 000 da med 740 00 da produktiv skog. Kommunen vart områdetaksert i 1991. Gjennom skogreisinga er det bygd opp ein kulturskog som saman med naturskogen har ein årleg tilvekst på 8.560 m<sup>3</sup>. Ståande kubikkmasse i 1991 er berekna til 313.000 m<sup>3</sup> fordelt med 72.400m<sup>3</sup> gran, 177.500 m<sup>3</sup> fure og 63.000 m<sup>3</sup> lauv. Det har opp gjennom åra vore relativt stor aktivitet på dei fleste områda i skogbruket. Vegbygging, hogst og kulturarbeid har vore på eit relativt høgt nivå.

Gjennomgåande lave tømmerprisar kombinert med god tilgang på alternativt arbeid, har redusert interessa for eigen innsats frå skogeigar. Skogsentreprenørar som AT

skog eller andre vil i framtida utføre både hogst og skogkultur. Dei må ha større hogstkvantum for å komme til kommunen så her må skogeigarane samarbeide. Dei skattemessige vilkåra for bruk av skogfond er svært gode. Det ligg ei stor utfordring i å få aktiviteten i skogbruket opp til eit akseptabelt nivå.

## 5. Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

### 5.1 Målsetningar for tilskotet

- Ta vare på og utvikle verdiane i det opne kystlandskapet, leggje til rette for friluftsliv og skape trivelege butilhøve og berekraftige arbeidsplassar på dei mange små gardsbruka i Bremanger kommune.
- Motivere til fellestiltak (utmarksgjerder) for å hindre konflikhtar mellom bruk i drift og andre fastbuande.
- Hindre attgroing ved å prioritere tiltak for rydding og restaurering av kulturmark.
- Hindre ureining av vassdrag og såleis tryggje vassmiljøet og ta vare på den dyrka jorda.
- Stimulere til forbygging av erosjonsutsette elvekantar.
- Motivere til å ta vare på bygningar med stor lokalhistorisk verdi.

### 5.2 Kven kan søkje om SMIL?

Kvaliteten på det arbeidet som vert utført med støtte i SMIL-ordninga, skal sikrast gjennom god fagleg planlegging og dokumentasjon av dei verdiane og tiltaka det vert søkt om støtte til.

Forskrift om spesielle miljøtilskot i landbruket definerer kven som kan få innvilga tilskot.

*«Tilskudd kan innvilges foretak som oppfyller vilkårene i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4. Det må foreligge tillatelse fra landbrukseiendommens eier til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nevnt i denne forskriftens § 4 og § 5. Tilskudd kan også*

*innvilges eier av landbrukseiendom dersom det foregår en produksjon på landbrukseiendommen som oppfylle vilkårene for tilskudd etter forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket.*

*Det kan ikke innvilges tilskudd til prosjekt eller tiltak på landbrukseiendommer som eies og drives av stat, fylke eller kommune med mindre tiltaket er et fellestiltak der en eller flere tilskuddsberettigede landbrukseiendommer er med.*

*Søker må oppfylle vilkår i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal føres journal over plantevernmidler som brukes, med opplysninger om navn på plantevernmiddelet, tidspunkt for behandling og dosen som er brukt, samt området og veksten som plantevernmiddelet ble brukt på. Søker må videre ha kart over jordbruksarealene foretaket til enhver tid disponerer, samt andre arealer som foretaket disponerer eller som er av betydning for eller som er påvirket av jordbruksdriften. Kulturminner, områder som er viktige for biologisk mangfold, arealer med risiko for tap av jord og næringsstoffer og andre forhold av miljømessig betydning skal være kartfestet og beskrevet.»*

### 5.3 Forventa tilskottrøng og satsar i perioden.

Det er stadig fleire som søkar SMIL tilskot. Denne tabellen visar ein framtidig tilskotstrøng basert på tal frå tidlegare søknads år.

Tiltak	Tal saker	Kostnad	Tilskot	Tilskot %
Gjerde/rydding av beite. Felles/enkelttiltak	30	1 000 000	500 000	70/50%
Elveforebygging/ erosjon	6	300 000	150 000	70/50%
Områdetiltak	1	150 000	100 000	70%
Kulturminne/miljø	4	300 000	100 000	30%
Ureining	4	150 000	40 000	30%
Gamle ferdsselsårer	4	200 000	60 000	30%

Istandsetting av kystlynghei Felles/enkelttiltak	4	200 000	100 000	50/30%
Sum	53	2 300 000	1 050 000	

Tabell 2. Tabellen vis at det er forventet omtrentleg 53 SMIL søknadar 2025-2029 med ein kostnad på 2.3 mill. Basert på tidlegare mottatt midlar frå Statsforvaltaren i Vestland vil det utbetalast omtrentleg 1 mill. i tilskot til SMIL.

## 5.4 Områdetiltak

Planlegging- og tilretteleggingstiltak skal stimulerast og prioriterast. Formålet med slike prosjekt er å planleggje og legge forholda til rette for større tiltak innafor målsetjinga til SMIL-ordninga. Invitere dei ulike organisasjonane i bygdene til å sjå på sitt miljø/landskap og planlegge korleis dei kan ta vare på, forbetre og utvikle verdiane i kulturlandskapet. Tilskotsprosent: Inntil 70%

## 5.5 Gjerdehald og rydding av beite

Tiltaket må vere grunngjeve ut i frå oppgåva med å ta vare på det biologiske mangfaldet, for å halde gamal kulturmark i hevd, eller som ein del av meir spesielle skjøtselstiltak.

- Tiltak der oppsetjing av gjerde er ein del av eit områdetiltak eller eit fellestiltak.
- Tiltak som går på å setje opp gjerde og rydde i tidlegare beitefelt, for så å nytte feltet til beite
- Fellestiltak vert prioritert.

Tilskotsprosent: Fellestiltak inntil 70 %, enkelttiltak inntil 50 %

## 5.6 Istandsetting av kystlynghei

Tiltak som går på tradisjonell sviing av lyngmark for å halde på det opne landskapet og auke kvaliteten på beite. Dette er areal som etter sviing ikkje skal ha tilført verken kalk eller gjødsel av noko slag. Noreg har eit spesielt ansvar for å ta vare på den europeiske kystlyngheia og Bremanger kommune ynskjer å bidra med sitt.

Dette tiltaket gjeld først og fremst dei bruka/lag, som ikkje får støtte til liknande tiltak innafør regionalt miljøprogram (RMP).

Fellestiltak vert prioritert.

Tilskotsprosent: Fellestiltak inntil 50 %, enkelttiltak inntil 30 %

## 5.7 Ureining

Tiltak som hindrar forureining frå landbruket. Dette gjeld først og fremst tiltak mot forureining av vassdrag for å trygge vassmiljø. Opning av lukka grøfter og reparasjon av opne grøfter. Hindre uønskt forsumping i kulturlandskapet.

Tilskotsprosent: Inntil 30%.

## 5.8 Erosjon, elveforebygging

Elveførebyggjande tiltak for å hindre erosjon på flaumutsette elvestrekningar.

Tilskotsprosent: Inntil 50% enkelttiltak, 70% fellestiltak.

## 5.9 Gamle ferdselsårar

Tiltak for å rydde og reparere gamle ferdselsårar slik at ein kan ta dei i bruk som tursti og formidle kunnskap om det landskapet vegen ligg i. Fellestiltak vert prioritert.

Tilskotsprosent: Inntil 30%.

## 5.10 Kulturminne

- Tiltak som går på å gjere kulturminne og kulturmiljø i landbruket meir tilgjengeleg for ålmenta, for å på den måten auke forståing for ei aktiv landbruksdrift i framtida. Det gjeld for dei tiltaka som ikkje kjem innunder RMP – ordninga (t.d. rydding kring freda gravrøyser).
- Tiltak som tek vare på gamle oppmura elvefar og andre hydrotekniske anlegg med kulturhistorisk verdi.
- Reperasjon av steingardar og bakkemurar. Tilskotsprosent: Inntil 30%.

## 5.11 Kulturmiljø

Restaurering av hus, sjøhusmiljø, seterhusmiljø, jordkjellar, smie, o.l., med stor lokal/regional verdi. Bygningane må vere knytt til landbruk. Fellestiltak vert prioritert.

Tilskotsprosent: Inntil 30%.

## 6. Drenering

Dårleg drenert jord verkar negativt inn på jorda si evne til å leie vatn. Dette fører gjerne til vassmetting, hemma plantevekst og eit redusert biologisk mangfald i jorda. Ei vassmetta jord har også dårlegare bereevne og blir meir utsett for køyreskader, jordpakking, erosjon og avrenning av næringsstoff. På mykje av jordbruksarealet på Vestlandet er tilstanden på dreneringssystema anten dårleg eller i ferd med å forverrast. Lite vedlikehald, auka nedbør og bruk av tyngre reiskap har skapt ei større belastning på både dreneringssystema og jordstrukturen.

Auka nedbør har ført til hyppigare flaumar på utsette areal. Samstundes er mange avskjeringsgrøfter eller kantgrøfter manglande eller for dårlege til å hindre at overflatevatn renn inn på jordbruksarealet. Overflateforming av arealet, kombinert med eit godt dreneringssystem, er viktige tiltak for å sikre at overflatevatn vert leia vekk frå jorda.

God drenering er avgjerande for å kunne auke matproduksjonen i åra som kjem og for å tilpasse jordbruket til eit endra klima med meir nedbør. God drenering bidreg også til å redusere faren for erosjon og avrenning frå jordbruksareal, noko som igjen sikrar betre vasskvalitet og eit godt vassmiljø. I tillegg slepp godt drenert jord ut mindre lystgass enn vassmetta jord, noko som er positivt for miljøet.

For å støtte opp om arbeidet med å betre dreneringstilstanden, kan det gjevast tilskot til drenering av tidlegare grøfta jordbruksareal. Tilskotet omfattar tiltak som systematisk grøfting, profilering og omgraving, og utgjer 4 000 kroner per dekar. Ved anna grøfting kan det gjevast 61 kroner per løpemeter grøft, avgrensa til eit maksimum på 4 000 kroner per dekar.

## 6.1 Målsetningar

- Stimulere til drenering av vassjuk jord.

## 6.2 Kven kan søkje om tilskot til drenering?

«Tilskudd etter denne forskriften kan gis til eier av eller foretak som leier tidligere grøftet jordbruksareal og som drenerer dette arealet. For planerte arealer kan det gis tilskudd til arealer som ikke tidligere er grøftet.

Søker må ha plan for dreneringen med kart, beskrivelse av tiltaket og den miljømessige virkningen av dette.

Tilskudd kan ikke gis der tiltaket medfører vesentlig skade for annen eiendom og naturmangfold, vesentlig fare for flom og vannforurensning eller fare for skade på automatisk fredede kulturminner. Tilskudd kan heller ikke gis der tiltaket er påbegynt før tilskudd er innvilget.»

## 6.3 Forventa tilskotstrong og satsar i perioden.

Tiltak	Tal saker	Kostnad	Tilskot	Sats
Drenering	12	400 000	120 000	4000/da

Tabell 3. Tabellen viser at det er forventa omtrentleg 12 søknadar om tilskot til drenering i 2025-2029. Søknadane vil ha eit estimert anslag på kostnad på 400 000,- kvar det vil utbetalast 120 000,- i tilskot basert på tidlegare tildelte midlar.

## 7. Tilskot til tiltak i beiteområde

### 7.1 Målsetningar for tilskotet

- Stimulere til investeringar for tiltak i beiteområde.

Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda. Generelt kan det gjevast tilskot til alle typar tiltak som fremjar beiting i eit område.

Døme på aktuelle tiltak:

- Sanke- og skiljeanlegg.
- Bruer dimensjonert for dyr og folk.

- Sperregjerder for å sikre at dyr ikkje kjem over i farleg område. Det gis ikkje tilskot til gjerder mellom innmark og utmark som fell inn under “Lov om grannegjerde.”
- Gjetarhytter/ sankehytter.
- Ferister.
- Anlegg/rydding/utbetring av drifteveier.
- Elektronisk overvåkingsutstyr (radiobjeller, lammenoder, merkeavlesere, findmysheep, droner mm.)
- Elektronisk gjerde (Nofence og liknande).

Tilskotsprosent: Inntil 50% for investeringstiltak.

Ved kjøp av elektronisk overvåkingsutstyr kan det innvilgast tilskot inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag for inntil 50% av dyretalet.

## 7.2 Kven kan søkje tilskot til tiltak i beiteområde?

*«Tilskudd etter denne forskriften kan gis til lag eller foreningar (beitelag, grunneierlag, radiobjellelag) som er registrert i enhetsregisteret, som driver næringsmessig beitedrift og som iverksetter investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekter i beiteområder.*

*Tilsvarende gjelder for foretak som kan gis produksjonstilskudd etter § 2 i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket der det grunnet naturgitte eller driftsmessige forhold ikke ligger til rette for samarbeid. Stat, fylke eller kommune kan ikke gis tilskudd med mindre det søkes gjennom lag og forening der også en eller flere tilskuddsberettigede eiendommer er med.*

*Det kan ikke gis tilskudd til investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekter i beiteområder som er leid på en periode mindre enn 10 år.*

*Tilskudd kan avslås dersom arbeidet med investeringstiltaket er påbegynt før søknaden er behandlet.*

*Det kan ikke gis nytt tilskudd til samme type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for faste installasjoner. Dette gjelder ikke for tilskudd til elektronisk overvåkingsutstyr.»*

## 7.3 Forventa tilskotstrong

Tiltak	Tal saker	Kostnad	Tilskot	Tilskot %
Tiltak i beiteområde	12	450 000	200 000	50%

Tabell 4. Det er forventa omtrentleg 12 søknadar om tilskot til tiltak i beiteområde i 2025-2029. Søknadane vil ha eit estimert anslag på kostnad på 450 000,- kvar det vil utbetalast 200 000,- i tilskot basert på tidlegare tildelte midlar.

## 8. Søknads- og arbeidsfristar for SMIL, drenering og tilskot til tiltak i beiteområde.

Ein kan i prinsippet søkje om midlar heile året, men for å kunne behandle ei prioriteringsliste, vert det utlyst fast søknadsfrist kvart år.

1. Søknadsfrist den 15.03.
2. Rådgjevar gjer saksførebuing med framlegg til formannskapet.
3. Vedtak vert fatta av formannskapet i mai/juni kvart år.
4. Søkarar mottar vedtak om innvilga tilskot eller avslag etter at vedtak vert fatta. I vedtaksbrevet vert det sett opp ein arbeidsfrist på 3 år. Dersom noko uforutsett skjer, og brukaren har problem med å gjennomføre prosjektet innan fristen, kan ein søke om utsetting. Det kan søkjast om utsetting to gongar for ordningane SMIL og tilskot til tiltak i beiteområde. Dersom prosjektet ikkje vert gjennomført innan 5 år, vert midlane inndregne. Dei inndregne midlane kan nyttast til andre prosjekt i kommunen same året. Tilskot til drenering har ein arbeidsfrist på 3 år.
5. Rapport til kommunestyret og Statsforvalteren i Vestland innan 01.11 kvart år.
6. Ein kan søke om del-utbetaling etter framlegg av utgifter. Eige skjema i Altinn skal nyttast.
7. Dersom arbeidet ikkje er igangsatt innan 3 år vert tilskotet inndratt framfor innvilgast av utsett arbeidsfrist.

## 8.1 Innhald i søknad og timesatsar

- Søknad om midlar skal skrivast på godkjent søknadsskjema som ligg i Altinn. Den sendast inn via Altinn.
- Søknaden skal innehalde skildring av tiltaket med spesifisert kostnadsoverslag.
- Tiltaket skal synast på kart i høveleg målestokk.
- For bygningstiltak skal det følgje med målsette teikningar.
- Det skal følgje med foto av tiltaket/område.
- Vedlegga leggast inn ved søknaden i Altinn.
- For søknadar som inneheld dyretal skal kun vaksne dyr over 1 år førast i søknaden.

**Timepris** for eige arbeid skal vere kr 300 pr. time (inkl. motorsag ol).

**Timepris** for bruk av traktor/gravemaskin er 800 kr pr. time

Sluttrapport og førespurnad om utbetaling leverast på Altinn og skal innehalde ein enkel kostnadsoversikt, nokre ord om gjennomføring av prosjektet og bildedokumentasjon.

## 8.2 Vilkår ved tildeling av midlar alle ordningar

- Tiltak som er starta opp kan ikkje tildelast midlar.
- Det vert ikkje løyvd tilskot til arbeid med gravemaskin ved rydding/skjøtsel av gamal kulturmark.
- Der grunneigar ikkje er søkjar, skal skriftleg løyve frå grunneigar leggast ved søknaden. Leigeavtalen skal vere på 10 år. Mal for leigeavtale ligg på Bremanger kommune si heimeside.
- Arbeidsfristen er 3 år.
- Det kan ikkje gis nytt tilskot til same type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for faste installasjonar. Dette gjelder ikkje for tilskot til elektronisk overvakingsutstyr.

## 9. Prioriteringsliste for søknadar i SMIL, drenering og tilskot til tiltak i beiteområde.

Søknadar blir prioritert i følgande rekkefølge:

1. Fellessøknader/områdetiltak får høgst prioritering i alle ordningar.
2. Søknader frå bruk under etablering.
3. Dersom det er fleire søknadar enn det er midlar til, vil søknader frå bruk som sjeldan søker, eller som aldri har søkt, bli prioritert.
4. Søkjar vert lågare prioritert om ein har fleire innvilga søknadar frå tidlegare år som ikkje er avslutta. Dette gjeld samla for ordningane SMIL, tilskot til tiltak i beiteområde og drenering.
5. Ved istandsetjing av bygningar vil ein prioritere tiltak på bygg som ikkje har næringsmessig/økonomisk føremål. Bygningane må ha kulturhistorisk verdi og helst høyre til i eit bevaringsverdige kulturmiljø. Bygningane må vere knytt til landbruk.
6. Inndregne midlar prioriterast til tidlegare avslegne søknader frå same søknadsår, som held krava til forskrifta, eller omdisponerast til allereie innvilga søknadar som har fått vesentleg lågare tilskot enn omsøkt.
7. Søknader om tiltak som er påbegynt vert ikkje handsama, så framtid ikkje sær gode grunnar ligg føre.

Dersom det kjem inn mykje inndregne midlar tidleg på hausten vert det ny utlysing.

### 9.1 Prioriteringar for 2025 og åra framover

- Faste installasjonar og kostnadskrevjande investeringar
- Investeringar i teknologi knytt til beitebruk

# 10. Strategiar for nærings- og miljøtiltak i skogbruket

## 10.1. Målsetjingar

- Auke aktivitet i det tradisjonelle skogbruket med vekt på betre utnytting av ståande skogressursar, høgare innsats for kvalitetsproduksjon og auka CO<sub>2</sub>-binding.

Formålet med tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er at det ut i frå regionale og lokale prioriteringa blir stimulert til auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen blir ivaretatt og vidareutvikla.

## 10.2 Kven kan søkje om NMSK og Klimatiltak i skog

Alle med skogeigedom som er større enn 10 da produktivt areal kan søkje tilskot. Det kan gjerast unntak for mindre eigedomar dersom ein søkjer om fellestiltak saman med andre søknadsberettiga.

Søknadsfrist: 1. juni og 15. september.

Søknadsskjema ligg digitalt i Skogfondssystemet via Altinn.

## 10.3 Tilskot til nyplanting

Statsforvaltaren i Vestland tildeler rammeløyvingar til kommunane med bakgrunn i aktivitet og prognosar frå kommunen og tildelt fylkesramme.

Skogbrukslova pålegg skogeigar å sørgje for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samheng mellom hogstform og metode for forynging.

Nødvendige tiltak for å leggje til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedd.

I følgje berekraftforskrifta er tilfredsstillande forynging planting av same eller høgare produserande treslag enn det som er hogd.

Tilskot til forynging av skog og ungskogpleie er eit av dei viktige verkemidlane for å sikre framtidig skogproduksjon.

### 10.3.1 Tilskotsatsar

Tilskot til skogkultur har tidlegare år variert mellom 30 - 66 % i vestlandsfylka, medan gjennomsnittleg tilskotssats for heile landet har vore under 20%. Orsaka til historisk særs høge prosentatsar på Vestlandet har samanheng med skogreisningstida og at skogeigarane ikkje hadde skogfond. I dag vert skogen hogd slik som i andre område av Noreg og skogeigarane sett av skogfond til naudsynte investeringstiltak.

Tilskotssatsen til skogkultur er 60 %.

### 10.3.2 Suppleringsplanting

Ved suppleringsplanting vert det gjeve eit sentralt tilskot på 30% for kostnaden av inntil 75 planter per dekar med krav om at plante talet etter suppleringsplanting tilfredsstillar det fastsette minimumstal per dekar.

### 10.3.3 Tilskot til tettare planting

**Nyplanting.** Det vert det gjeve eit sentralt tilskot på 30 % for kostnaden av inntil 50 planter ekstra per dekar. Sjå tabellen under.

**Klimatiltak i skog.** Produktiv skog opptek og lagrar store mengder karbon ved hjelp av fotosyntesen. For å hjelpe skogen til å lagre mest mogleg CO<sub>2</sub>, tilrår Landbruksdirektoratet å satsa på tre tiltak som det kan søkjast tilskot til for å gjennomføra:

**Tettare planting.** Å planta fleire gran- og furuplantar per dekar, utover minimumskravet til tilfredsstillande forynging, gir høgare skogproduksjon per arealeining og dermed auka karbonbinding.

**Ungskogpleie.** Tiltaket gir auka tilvekst og dermed auka karbonopptak. I tillegg gir det betre kvalitet på tømmeret, slik at meir tre kan brukast til byggjemateriale, som gir langvarig lagring av karbon. Treprodukt kan erstatta mindre klimavennlege byggjemateriale.

**Nitrogengjødsling** av skog aukar tilveksten dei siste åtte til ti åra før hogst. Gjødsling er dermed eit klimatiltak som vil ha effekt på kort sikt. I 2025 blir det gitt tilskot på 40 prosent av kostnadene for gjødsling av skog.

Bonitet	Minimum plantetal per dekar etter supplering	Intervall for plantetal som utløyser tilskot for tettare planting
26	220	220 - 270
23	220	220 - 270
20	200	200 - 250
17	180	180 - 230
14	160	160 - 210
11	130	130 - 180

*Tabell 5. Tabellen viser minimum plantetal per dekar etter supplering og intervall for plantetal som utløyser tilskot for tettare planting.*

### 10.3.4 Ungskogpleie


Det aller meste av tilskotet går i dag til planting og på fylkesnivå har berre 10% av tilskotet dei siste tre åra gått til ungskogpleie. Ungskogpleie er ei naudsynt investering for å auke tilvekst, kvalitet og ikkje minst stormstabilitet.

Tilskotssatsen til ungskogpleie er 60%

#### 10.3.4.1 Kommunar i landskapsregion 20 – Kystbygdene på Vestlandet

Ein del areal langs kysten og på øyane ut i havgapet er ikkje eigna for skogproduksjon. Her er det samfunns- og miljømessig ønskjeleg å oppretthalde den opphavelige naturen eller tilbakeføre naturen så langt som mogeleg. Også

økonomisk er disse områda uaktuelle for skogproduksjon. Landskapsregion 20 (NIBIO) har mykje av naturtypen kystlynghei som vi skal ta vare på. Spesielt i desse områda er det ikkje ønskeleg med aktivt skogbruk og skogplanting.



Utdrag av kart som viser landskapsregionar (NIJOS).

Figur 1. Kart som viser landskapsregionar i Bremanger.

I Bremanger kommune ligg Botnane-område, Frøya og vestleg del av Bremangerlandet i landskapsregion 20 (LR-20).

Mykje av tidlegare treplanting i LR-20 var motivert ut frå leplanting og brensel, ikkje kvalitetsproduksjon av tømmer. I dag er kanskje vurderingane annleis og det kan vere fornuftig å fjerne slike trekker og klynger utan å plante ny skog. Men det finst også døme på skogsbestand i LR-20 som har gjeve gode resultat og der det ikkje har vore konflikhtar med kystlandskapet og naturtypen kystlynghei.

Kommunane skal som hovudregel ikkje tilrå aktiv skogproduksjon og gje NMSK-tilskot i Landskapsregion 20, kystbygdene på Vestlandet.

Foryngingsplikta bør vurderast med vekt på omsynet til kystlandskapet og særleg naturtypen kystlynghei.

I område der det har vore drive kommersiell skogbruksdrift kan det likevel gjevast NMSK-tilskot, etter ei vurdering av omsynet til kystlandskapet og kystlyngheiane.

## 10.4 Tilskot til bygging og ombygging av skogsvegar

I NMSK-forskrifta står det: «Det kan gis tilskot til bygging av nye eller ombygging av eksisterande skogsveier når dette bidrar til helhetsløsningar som gir grunnlag for utnyttelse av skog- og utmarksressursene.»

Vidare står det at vegen skal vere godkjend etter forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar eller plan- og bygningslova.

Før anleggsarbeidet vert starta skal det utarbeidast ein byggjeplan godkjend av kommunen. På baksida av tilskotssøknadsskjemaet står det kva byggjeplanen skal innehalde.

Det er eit krav at vegen vert halden ved like i same standarden han vart bygd.

### 10.4.1 Vegstandard

Vegen må ha ein standard som er tilfredsstillande for den aktuelle bruken og skal byggjast i samsvar med gjeldande normalar for landbruksvegar. Vegstandarden må avpassast skogen og det aktuelle området. Større veganlegg bør vere planlagd av ein godkjend vegplanleggjar. Veglinja skal vera stukken i marka og godkjent av kommunen; jamfør landbruksvegforskrifta. På grunn av skilnaden i kostnad og geometri må traktorveg klasse 7 vurderast opp mot bilveg, særleg når areala med planta gran som vert løyst ut er under 100 dekar, når det er aktuelt med vegklasse 5 og når offentleg tilkomstveg ikkje er open for vogntog. Vegen skal byggjast etter den godkjende veglina, og anlegget skal føra fram til det punkt som er oppgjeve i søknaden.

Dersom offentleg tilslutningsveg ikkje held standard for vogntog (12,4 eller 15 meter lengde) eller ikkje har tilstrekkeleg tillate aksellast (under 8 tonn), bør veglag, vegplanleggjar og kommunen som skogbruksstyresmakt arbeide for å skrive opp den offentlege vegen. Dersom dette ikkje vert gjort bør det aktuelle veganlegget prioriterast ned for tildeling av tilskot.

Større fellesanlegg skal prioriterast høgt. For slike prosjekt må det også skipast veglag. Fordeling av kostnadene for anlegget skal gå fram av underskreve

søknadsskjema og det framtidige vedlikehaldet skal vera ordna ved skriftleg avtale før tilskot vert utbetalt.

Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til vegklasse 8 og vegar med lågare standard.

#### 10.4.2 Prioritering skogsveg

Følgjande prioritering gjeld:

1. Vegar (nybygging eller ombygging) i samband med vindfallhogst.
2. Større felles tilkomst-/hovudveganlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal og vegar bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven.
3. Andre anlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar.
4. Bilvegar framfor traktorvegar.

Traktorvegar i vegklasse 7 kan likevel vere tilkomstveg. Hugs lønsemd bilveg/traktorveg der det løysast ut under 100 dekar, som nemnd ovanfor.

Tilskotssatsar:

- Tilskot til sekundærvegar/traktorvegar bør ligge i intervallet 25 – 35 %.
- Tilskot til bilvegar og tilkomstvegar bør ligge i intervallet 40 - 50 %. Vegklasse 5 bør nedprioriterast.

#### 10.4.3 Skogfond og veg

Bruk av skogfond med skattefordel må nyttast so langt det er råd. Det betyr at bygging av større veganlegg bør løyse ut monaleg med hogstmoden skog dei fem første åra etter bygging.

Dersom planen for eit veganlegg må endrast av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, skal eventuelle meirkostnader som skuldast dette gå inn i tilskotsgrunnlaget. og det kan kompenseras med ein noko høgare tilskotssats.

Overordna vegplanlegging og motiverande arbeid er vesentleg for å få til rasjonelle og lønsamme veganlegg. Kommunane kan yte tilskot til overordna vegplanlegging og det er ein fordel at dette vert samordna på regionnivå. Statsforvaltar samordnar dette.

#### 10.4.4 Vilkår for tilskot

Tilskotet vert gjeve med vilkår om at vegen vert vedlikehalden i den standard den er bygd. Vedlikehaldsavtale skal vera underskriven av grunneigarane før tilskot vert utbetalt.

Det vert utført vedlikehaldskontroll på vegar som er mellom 10 og 20 år gamle. Statsforvaltar gjennomfører kontrollane i lag med kommunane.

Det skal settast vilkår om nyplanting av gran på skogsmark som eignar seg for granplanting tilsvarande 1 dekar per 5 000 kr gjeve i tilskot. Tilsvarande er det eit vilkår at hogst av gran i vegens dekningsområde skal plantast att med gran. Skogfaglege vurderingar kan likevel vege mot dette. Areala skal vere kartfesta på den einskilde eigedom før tilskot blir løyvd.

Søknad skal skje på eige søknadsskjema og sendast til kommunen saman med kartgrunnlag.

Kostnadane for vegen skal vere kjent før ein søker om tilskot. Anbod eller fast pris er vanleg. Løyve til avkøyring frå offentleg veg skal vere gjeve før det vert søkt om tilskot.

Det skal førast rekneskap for veganlegget med utgifter utan mva. Utgiftene i rekneskapen skal vere dokumentert med fakturaer eller timelister ved eigeninnsats. Grunnlag for utbetaling av tilskot er rekneskapssamandrag.

Organisasjonsnummer og bankkontonummer til den som tilskotet skal betalast ut til må førast på skjemaet.

## 10.4.5 Resultatkontroll

Kommunen har ansvaret for gjennomføring av kontroll og minst kvar tiande av dei godkjende søknadene skal følgjast opp med synfaring. Dei som søker om tilskot er forplikta til å frigi opplysningar og akseptere dei kontrolltiltak som skogbruksmynda bestemmer.

## 10.5 Skogfond, tilskot til drift med taubane, hest o.a.

### 10.5.1 Skogfond

Skogfondordninga er ein viktig finansieringskjelde for blant anna skogkultur og skogsveginvesteringar. Ordninga med skaffefordel er særst lønsam for skogeigaren og bør nyttast i større grad. I samband med planlegging av hogst vil det framover vere særst viktig å avsetje tilstrekkeleg skogfond. Lågaste sats (4 %) er ikkje tilstrekkeleg til å finansiere framtidig skogkulturbehov – planting og ungskogpleie. For å finansiere eigendelen av forynginga og ungskogpleie må det settast av 15 %.

Tømmerkjøparane er for dårlege til å informere om bruk av skogfond. Dette medfører at skogeigarane taper pengar. Dette gjeld særleg skogeigarane som har hatt skogsveginvesteringar.

Etter skogsvegbygginga har skogeigarane mykje udekka investeringar. Pga. mangelfull informasjon frå tømmerkjøpar blir skogfondsprosenten ofte sett lågt. Skogeigar får då ikkje utnytta skattefordelen veginvesteringa gir.

Ved hjelp av skogfond med skattefordel blir gode investeringar ekstra gode. Løpetida for udekka investeringar ved bygging av skogsvegar er i forskrifta sett til totalt fem år.

Kommunen, statsforvaltaren og tømmerkjøparane må samarbeide om å rettleie skogeigarane til å sette av nok skogfond i tråd med framtidig investeringsbehov

I NMSK-forskrifta står det: «Det kan gis tilskot til utdrift av skogvirke med taubane, hest o.a.

## 10.5.2 Andre avgrensingar skogfond

Tilskot kan bare gis der det er føretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikkje er foretatt ordinære miljøregistreringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de føre-var-tiltak som er nedfelt i PEFC-skogstandard.»

I følgje landsskogtakseringa står 30% av den planta granskogen i Vestland fylke i taubaneterreng. Det er liten konkurranse med annan arealbruk på dei bratte areala og dei eignar seg godt til skogbruk. Taubanedrift er ein viktig driftsform for oss som vi er opptekne av at det vert støtta opp om. Det er særst viktig at dei få aktørane vi har ein økonomi som set dei i stand til å utvikle metodar og utstyr i takt med teknologisk utvikling.

Tilskot til drift i vanskeleg terreng skal berre gjevast når drifta blir gjennomført i hogstmoden skog og på ein slik måte at det blir teke omsyn til skogens funksjonar i forhold til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv. Tilskot kan berre gjevast der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området.

Det er eit vilkår at det etter hogst av gran skal plantast att med gran. Skogfaglege vurderingar kan likevel vege mot dette.

Søkjjer må dokumentere alder på skogen (t.d. kopi av skogbruksplandata, borrhprøve eller tal årringar) i søknad om tilskot, før handsaming. Det skal takast prøver i ulike deler av hogstfeltet. Lågaste alder (hushaldsalder) for å få driftstilskot:

Bonitet	Lågaste alder(hushaldsalder) for å få driftstilskot
G26 og betre	55 år
G23	60 år
G20	70 år
G17	80 år
G14	90 år

Tabell 6. Tabellen viser lågaste hushaldsalder per bonitet for å få driftstilskot.

Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.

Det skal ikkje gjevast tilskot:

- dersom skogsdrifta kan motverka utbygging av eit rasjonelt vegnett innan eit naturleg avgrensa driftsområde
- til område som skal brukast til andre føremål enn landbruksproduksjon.

### 10.5.3 Tilskot til taubane (NMSK)

Taubanetilskot fordelast til kommunane etter kvart som behovet oppstår. I samråd med dei andre «taubanefylka», norsk taubanelag og skogeigarorganisasjonane er det kome fram til *ein felles rettleiande (og variabel) tilskotssats* til taubanedrifter. Tildeling av tilskot føreset at taubanekalkulatoren vert nytta til fastsetting av driftspris (og eventuelt justert av skogeigar og tømmerkjøpar) og at det ikkje vert gjeve tilskot til skog som ikkje er hogstmoden (sjå tabellen under). På grunn av den aukande tømmerprisen og røynsler frå 2024 er den rettleiande tilskotssatsen:

1. Alle taubanedrifter får minimum 60 kr/m<sup>3</sup>
2. Utover det vert tilskotssatsen rekna ut etter den rettlinja funksjonen

$$f(x) = -0,6 \times \text{rotnetto} + 200$$

$$\text{eller tilskot per m}^3 = -0,6 \times (\text{tømmerverdi-driftskostnad}) + 200$$

1. *Maksimalt tilskot er kr 300 per m<sup>3</sup>*

Bonitet H40	26	23	20	17	14	11
Nedre aldersgrense	55	60	70	80	90	100

Tabell 7. Tabellen viser nedre aldersgrense for hogstmoden skog i kvar bonitetsklasse.

## 11. Prioritering av næring og miljøtiltak i skog

- Hogst av stormfelt skog skal prioriterast

Søknad om tilskot skal skje på fastsett søknadsskjema før drifta vert sett i gang. Utfylt skjema, kart, dokumentasjon på alder og underskrift av skogeigar sendast kommunen seinast seks – 6 – veker før planlagd oppstart av drifta.

Følgjande skal leggjast ved søknad om tilskot:

1. Dokumentasjon på at det er gjennomført miljøregistreringar i skog (MIS). I område utan MIS-registreringar dokumentasjon på at det er gjennomført førevar-tiltak i tråd med Levande Skog sine standardarar.
2. Detaljkart 1: 5000 som viser hogstområdet, miljøregistreringar og alle skogsvegar (bil- og traktorvegar), eventuelt kart direkte ført inn i ØKS.

I kommunen sitt vedtak skal naturmangfaldslova sine prinsipp om offentleg mynde (§7) innarbeidast og legge til grunn for avgjersla om tilskot

Oppmoding om utbetaling av tilskot skjer på kopi av søknadsskjemaet som følgde søknaden, med ny påteikning av reelt hogd volum, i tillegg evt. kart og kopi av målenota.

Om tilskotet skal utbetalast til andre enn skogeigar, må dette merkast på søknadsskjemaet og organisasjonsnummer og bankkontonummer til den som tilskotet skal betalast ut til MÅ påførast skjemaet.

Tilsegn om tilskot vert gjeve med kort arbeidsfrist, slik at midlane kan nyttast til andre drifter dersom drifta av ein eller annan grunn ikkje kjem i gang. Tilskotet vert trekt inn utan nærare varsel etter tre månader dersom det ikkje er gjeve varsel om at drifta vert forseinka.

## 11.1 Resultatkontroll

Kommunen har ansvaret for gjennomføring av kontroll og minst kvar tiande av dei godkjende søknadene skal følgjast opp med synfaring. Dei som søker om tilskot er forplikta til å frigi opplysningar og akseptere dei kontrolltiltak som skogbruksmynda bestemmer.

## 11.2 Tilskottrøng for nærings- og miljøtiltak i skogbruket og klimatiltak i skog

Det er vanskeleg å vurdere den årlege trøngen for tilskot til dei ulike. På grunn av relativt liten aktivitet dei siste åra er det eit etterslep spesielt på skogkultur som vi bør satse på å hente inn noko av. Det gjeld også interessa for bygging av skogsveg. Vi ventar ein auke i skogkultur på grunn av auka hogst.

Tiltak	NMSK	Tilskot % av godkj. kost
Taubane og hest	Statsforvaltaren	
Skogsveg	NMSK	50 % - 30 %
<b>Skogkultur</b>		
Planting		30 %
Ungskog pleie		60 %
Tettere planting ved nyplanting Suppleringsplanting	Tilskuddssatser til klimatiltak i skog 2025 50 planter ekstra per dekar 75 planter/daa	30 %

Tabell 8. Tabellen viser gjeldande tilskotsatsar for dei ulike tilskotsordningane.